



DØME på brev frå Stedje sokneråd

Kjære **NAMN**

Sogndal, 4. februar 2021

Velkommen som frivillig medarbeidar i Stedje kyrkjelyd!

Takk for at du har sagt deg villig til å bruke av fritida di i kyrkjelyden vår!

Vi er glade for at du ønskjer å vere med som **TENESTE**.

Kontaktpersonen din er **NAMN KONTAKTPERSON**

som lettast kan kontaktast på telefon **TLF GR.L** E-post **EPOST GR.L**

Som frivillig medarbeidar er du viktig for mange! Dette ønskjer vi å minne om på ulike måtar.

Mellom anna kan du rekne med å verte invitert til halvårleg eller årleg samling med dei andre som har same teneste som deg. Kontaktpersonen din vil kunne gje deg meir informasjon. Desse samlingane kjem i tillegg til den store årlege medarbeidarfesten som til vanleg vert halden i september.

Alle samlingar i regi av Den norske kyrkja er opne for alle. Dette gjeld ikkje minst gudstenestene på søndagar, som er hovudsamlinga i kyrkja. Hjarteleg velkomen dit!

Retningslinjer for frivillige medarbeidarar i Stedje kyrkjelyd

- Eg arbeider i tråd med målsetjinga til kyrkjelyden.
- Personlege opplysingar som eg får kjennskap til i tenesta, er underlagt teieplikt. Dette gjeld òg etter at eg har gått ut av tenesta.
- Dersom eg skal arbeide med barn og ungdom, må eg kunne leggje fram gyldig politiattest.
- Eg har rett til ein kontaktperson som eg kan vende meg til ved faglege og personlege spørsmål.
- Eg har ikkje lov til å ta imot gåver i samband med frivillig arbeid. Dersom nokon vil gje ei gåve eller pengar, kan desse gjevast til kyrkjelyden sitt arbeid. Unnateke frå dette er blommar, konfekt eller liknande innan rimelege grenser.
- Dersom eg ønskjer å slutte, ta permisjon eller skifte til ei anna teneste som frivillig medarbeidar, vil eg gje melding i god tid.

Ikkje nøl med å ta kontakt om det er noko du lurar på!

I tillegg kan du alltid finne generell informasjon om frivillig teneste i kyrkjelyden på nettsidene våre: Gå til <http://www.sogndal.kyrkja.no> og klikk på «Frivillig i kyrkja». Her finn du òg ein omtale av den oppgåva du har teke på deg, og andre nyttige opplysningar.

Velkomen i medarbeidarfellesskapen!

Venleg helsing

Helge Torstad

leiar Stedje sokneråd

mob. 452 15 829

e-post: helgetorstad@gmail.com

Det er fint om du leverer kontaktinformasjon til gruppeleiar eller ein av dei tilsette, på e-post til post@sogndal.kyrkja.no. Kontaktinformasjonen vil verte lagt inn i kyrkjekontoret sitt dataregister for frivillige medarbeidarar, slik at vi enkelt kan nå ut med relevant informasjon til alle.

Kontor: Fossetunet 1a, Sogndal
Postboks 180
6851 SOGNDAL

Opningstider på kontoret:
måndag - fredag kl. 09.00 – 15.00

Telefon kontor: 57 67 99 85
E-post: post@sogndal.kyrkja.no
www.sogndal.kyrkja.no